

Hordaland Nei til EU

Referat frå årsmøte 2025

Tid: 14. mars 2025, 18.00 - 20.30, registrering frå 17.30
Stad: Thon Hotell Rosenkrantz, Rosenkrantzgata 7, Bergen

Dagsorden:

1. Opning og namneopprop ved Toril Mongstad
2. Helsingar til årsmøtet
Magnar Nomedal frå Vest-Agder NtEU helsa årsmøtet
3. Konstituering av årsmøtet
 - Opprop Toril Mongstad foretok opprop
 - Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent
 - Val av møteleiurar og ordstyrarar:
Vedtak: Sigmund Simmenes og Toril Mongstad vart valde
 - Val av møtetreferantar:
Vedtak: Hildur Straume vart vald
 - Val av to personar til å underskriva protokollen:
Vedtak: Tor Sander og Agathe Børretzen vart vald
4. Årsmelding 2024
Toril Mongstad gjekk gjennom årsmeldinga.
Frå kommentarane etterpå: Eit par skrivefeil vart retta på staden. Toril svarte på spørsmål frå salen, på kva måte Hordaland blir sett på som litt opposisjonelle i organisasjonen.
Desse hadde ordet: Sigmund Simmenes, Elisabeth Stene, Toril Mongstad, Terje Kollbotn,
Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent.
5. Rekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2024
Hildur Straume gjekk gjennom rekneskapen og las revisjonsmeldinga (då revisor ikkje var til stades).
Desse hadde ordet: Mette Sivertsen, Terje Kollbotn
Det vart oppdaga ein feil i revisjonsmeldinga då det var eigenkapital frå 2023 og ikkje 2024 som var referert til.
Vedtak: Rekneskap og revisjonsmelding vart godkjent med denne kommentaren.

6. Arbeidsplan 2025 (fram til årsmøtet 2026)

Sigmund Simmenes la fram styrets forslag til arbeidsplan.

Desse hadde ordet: Daniel Ducrocq, Tor Sander, Terje Kollbotn, Thomas Hellevang, Karen Bahus, Toril Mongstad (svarte på spm)

Toril svarte på eit spørsmål som vedkom val-Standpunkt frå NtEU sentralt. Fylkesstyret vil laga ein foldar til valkampen med svar frå toppolitikarar i Hordaland / Vestland. Seks spørsmål vert formulert av styret. Det må vera eit kapittel i arbeidsplanen om Stortingsvalet 2025. Styret blir bedt om å formulere dette. Toril beklaga at dette ikkje alt var på plass, og ba om orsaking for denne glippen. Terje Kollbotn fortalde om at arbeid er i gong med å etablere eit lokallag i nye Ullensvang kommune.

Vedtak: Arbeidsplanen vart vedteken med desse kommentarane. Oppdatert arbeidsplan vert lagt ut på heimesida.

7. Budsjett 2025

Hildur Straume la fram budsjettet.

Desse hadde ordet: Henning Nilsen, Daniel Ducrocq, Toril Mongstad, Magnar Nomedal, Terje Kollbotn, Knut Korsbrekke, Henning Nilsen 2. gong,

Toril nemnde for årsmøtet at styret har byrja å snakka om ein studietur til Brussel. Det blei diskutert litt og gode råd kom inn med m.a å skriva gode søknader med eit godt program. I tillegg å søkja utvalde firmaer om støtte.

Vedtak: Budsjettet vart vedteke og styret merkar seg innspela.

8. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

9. Vedtekter

Toril Mongstad la fram styrets fremlegg til endring i vedtektene, sjå endringane her:

§ 1 Formål

Opprinneleg tekst:

- demokratiet og norsk suverenitet på område som er vesentlege for den norske velferdsstaten

Endringsforslag:

- demokrati og norsk suverenitet og sjølvråderett over avgjerder som gjeld Norge

§ 2 Arbeidsformer

Opprinneleg tekst:

- Hordaland Nei til EU er ein tverrpolitisk og anti-rasistisk organisasjon som skal driva informasjon og argumentasjon kring Norge sitt forhold til EU og om EØS-avtalens verknader på folkestyre, demokrati og viktige politikkområde i landet.

Endringsforslag:

- Hordaland Nei til EU skal informera om Norge sitt tilhøve til EU og om EØS-avtalens verknader på folkestyre og viktige politikkområde i landet.

§ 2 Arbeidsformer

Opprinneleg tekst:

- Hordaland Nei til EU samarbeider med Nei til EU sentralt om å oppfylle formålsparagrafen. Laget arbeidar for å styrke organisasjonsapparatet på lokalplan, og vil gjennom lokale aksjonar og informasjonsverksemd arbeida for å oppfylle formålet til organisasjonen.

Endringsforslag:

- Hordaland Nei til EU samarbeidar med Nei til EU sentralt om å oppfylle formålsparagrafen og arbeidar for å styrke organisasjonsapparatet på lokalplan.

§ 4 Årsmøtet

Opprinneleg tekst:

- Innkalling skal gjerast kjent med minst 14 dagars varsel.

Endringsforslag:

- Årsmøtet skal innkallast med minst 14 dagars varsel.

§ 5 Styret

Opprinneleg tekst:

- Alle saker som er handsama i AU skal leggjast fram for styret for endeleg vedtak, og/eller som orienteringssak.

Endringsforslag:

- Alle saker som er handsama i AU skal leggjast fram for styret for endeleg vedtak, eller som orienteringssak.

Desse hadde ordet: Henning Nilsen.

Det kom forslag frå salen i høve til framlegget. Truleg var det på § 1 og 2. Det vart ikkje krevd å få forslaget inn skriftleg og referenten fekk det ikkje skikkeleg med seg.

Vedtak: Styrets framlegg til vedteksendring, med forslaget frå salen, vart vedteken.

Erkjenning i ettertid: Av mangel på korrekt tekst, vert styrets forslag ståande i år og så må det takast opp att på neste årsmøte.

10. Rapport frå Ungdom mot EU (UmEU)

Ingen frå UmEU til stades. Saka utgår.

11. Fråsegner

Agathe Børretzen la fram fråsegna (utferdiga av John Dale)

Desse hadde ordet: Henning Nilsen, Terje Kollbotn, Gunnar Rutle, Henning Nilsen 2. gong, Mette Sivertsen, Toril Mongstad,

Forslag frå salen om at denne ikkje vert vedteken her, men oversendt styret slik at styret og John Dale brukar denne vidare. Gjerne med ein kortversjon i fråsengsform og ein kronikk eller lesarinnlegg av John Dale.

Vedtak: Saka vert oversendt styret for vidare bearbeiding.

12. Val

Leiar i valkomiteen, Daniel Ducrocq, la fra valkomiteens innstilling

Leiar:

Toril Mongstad, Alver (gjenvalg)

Styremedlemmer:

Sigmund Simmenes, Vaksdal (gjenvalg)

Hildur Straume, Bergen (gjenvalg)

Tore Flo, Bergen (gjenvalg)

Jane Nordlund, Alver (gjenvalg)

Frode Mannsåker, Bergen (tidligere varamedlem)

Bjørnar Smørdal Grindheim, Alver (ny)

Varamedlemmer:

1. Ivan Tubez, Fjell/Øygarden (ny)
2. Åsmund Ohnstad, Voss, (ny)
3. John Dale, Vaksdal (tidligere styremedlem)
4. Knut Korsbrekke, Askøy (ny)

UMEU utnevner sin kandidat

Revisor:

Frank Mo

Val av **valkomité** til neste årsmøte

Gjenval av valkomiteen:

Daniel Ducrocq (leiar) (Alver), Jorunn Skistad Holsen (Ostereøy), Anna Nordlund (Alver)

Styret får fullmakt til å spørja Jorunn og om ho takkar nei, vil styret oppnemna ein tredje person til valkomiteen.

Desse hadde ordet: Mette Sivertsen, Hildur Straume, Toril Mongstad

Vedtak: Alle vart valde som framlagt, ved akklamasjon.

13. Avslutning v/gjenvald leiar Toril Mongstad

Møtet slutt kl 20.15

Protokollunderskrivarar: Tor Sander

Agathe Børretzen

Referent: Hildur Straume